



# TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

Tysnes ungdomsråd

UGGDAL, 20.12.2013

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/1138-20	8987/13	023	FSK/FEL/VIST	

## REFERAT - TYSNES UNGDOMSRÅD 16.12.13

Desse møtte: Matias Helland, Ludvik Dalland, Aina Hestad Kjøndal, Johannes Helland, Henrik Sebastian Epland, Ruth Johanne Helgeland, Kari Andersen, Olav Sigurd Espelund og Vibeke Øxnevad Stoltz

Forfall: Jøran Dalland, Rebekka Instøy Dalland, Adam Olav Khaldi, Kenneth Instøy Dalland, Kjetil Hestad og Elisabeth Ebbesvik.

Tid: kl. 18.00

Stad: Tysneshallen

Sakliste:

30. Opning

Vibeke opna og foreslo Aina som møteleiar

31. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent

32. Godkjenning av dagsorden

Godkjent

33. Godkjenning av referat

Godkjent

34. Statusrapport økonomi

Totalt er det no brukt vel kr 30.000 i 2013.

I tillegg har Aina motteke ein faktura frå Tysnes sjø og fritid på vel kr 4.000 for overnatting i samband med Samsayakonserten.

Vibeke spurte om tilskotet frå kraftlaget kr 5.000 er utbetalt.

Aina meinte det var Elisabeth som hadde oversikten og kontakt med kraftlaget.

Aina tar kontakt med Tiko og ber om tilskot derifrå vert utbetalt.

### 35. Handsaming av sakliste

#### a) Val av leiar, nestleiar og kasserar

Aina spurt om nokre hadde lyst til å vera leiar, nestleiar og kasserar.

Følgjande meldte seg og vart valt:

Matias Helland, leiar

Johannes Helland, nestleiar

Ruth Johanne Helgeland, kasserar

#### b) Evaluering konsert

Dessverre var det svært få som kom på konserten med Samsaya – sjølv om konserten var bra. Dette skuldast truleg kort planleggingstid, feil tidspunkt (sundag ettermiddag/kveld) og dårleg marknadsføring. Store konserter og arrangement må planleggast i god tid og alltid gjennomførast i samarbeid med andre lag og organisasjonar i kommunen. Både økonomisk og som arrangør bør ikkje ungdomsrådet gjennomføre slike tiltak åleine. Det var dessverre få frå styret som møtte for å hjelpe til.

Alle i styret må stille opp på slike og liknande tiltak.

Ungdomsrådet meinte alle hadde fått lærdom og nyttig erfaring av denne saka.

### 36. Ymse

a) Ungdommens Fylkesting 2014 vert arrangert 25. – 26. januar på Fleischer hotell på Voss. Ungdommens fylkesting i Hordaland er ein arena og møteplass for ungdom frå heile fylket. Her kan ein diskutere viktige saker med andre engasjerte ungdommar. Tysnes ungdomsråd er invitert til å delta med to personer. Matias, leiar og Johannes, nestleiar deltek frå ungdomsrådet. Vibeke melder dei på innan frist 8. januar. Påmeldinga er bindande.

#### b) Førebels framlegg til plan 2014:

Starte opp ungdomsklubb/Kråkereirot.

Hyttetur – planlegging av tiltak

Paintball

LAN

Kino-tilbod

c) Ludvig, Matias, Olav Sigurd og Henrik går gjennom lokale i «Vonheim» og klargjer kva som står att etter Kråkereirot, rydder og vasker. Dette vert gjort i løpet av juleferien. Vibeke sender liste over kva ungdomsrådet eig.

Neste møte vert fredag 17. januar.

Vibeke Øxnevad Stoltz  
referent

